

ENRICHMENT-PERSPEKTIV Tekst frå fagfilmen:	OPPGÅVE:	NAMN PÅ ELEV:
<p>1. Vi kartlegger <i>både</i> ressursane og utfordringane til eleven. Det same kan vi gjere med tanke på systemet. Kva er skulen (og læreren?) sine sterke og svake sider i undervisinga, og kva ressursar, tilrettelegging og ferdigheiter er det naudsynt at skulen og læraren har i møte med eleven? Det åpnar for ein mer heilskapleg tankegang, der mange faktorar spelar inn i læringa til eleven.</p>	<p>1. Kartlegge <i>eleven</i> sine ressursar og utfordringar.</p> <p>Kartlegge kva kunnskap og tilrettelegging <i>skulen og lærarane</i> har og/eller treng i møte med eleven.</p>	
<p>2. Når vi så har kartlagt eleven og skulen sine ressursar og utfordringar, set vi ned kva hjelpetiltak som er naudsynte og gode, og det er dette vi oftast tenker som kjerneverksemda til skulen. Kva mål skal eleven ha, kva treng eleven for å lære og kva metodar er mest tenlege. Det er viktige spørsmål i denne prosessen. I tillegg må vi tenke på kva eleven treng for å kunne utføre det han eller ho vil. Det kan til dømes vere snakk om tekniske hjelpemiddel, dataprogram eller liknande.</p>	<p>2. Kva mål skal eleven ha? Hva treng eleven å lære? Kva metodar passar best? Kva trengst av hjelpemiddel?</p>	
<p>3. Eit tredje arbeidsområde er førebygging. På kva felt i livet treng eleven opplæring og støtte slik at ho eller han betrar sjansen for å ta vare på eller beskytta seg selv? Er eleven utsett på noko felt slik at det kan vere naudsynt å jobbe spesielt for å minske risikoen for å bli offer for til dømes utnytting? Då kan det vere eit svært viktig mål å jobbe spesifikt med det.</p>	<p>3. Førebygging:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Risikoreducerande tiltak. - Utvikling av personlege føresetnader for å beskytta seg selv. 	
<p>4. Det fjerde og siste arbeidsområdet går inn i dei andre, og løftar seg på ein måte over mål ein tenker er vanlege i ein tiltaksplan. Her dreier det seg om å leggje til rette for at eleven skal få utvikle <i>særlege</i> eigenskaper og ferdigheiter, til dømes å bli ekspert på eit interessefelt, å utvikle sangferdigheitene, eller å synleggjere positive sosiale ferdigheiter overfor dei andre elevane, som til dømes å vere hjelpsam eller evna til å inkludere andre. På den måten kan eleven oppleve eit kompetansefortrinn, der det</p>	<p>4. Kompetansefortrinn:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utvikle særlege eigenskaper og ferdigheiter: Sosiale ferdigheiter? Interessefelt? 	

positive blir understreka, og ressursane til eleven blir synleggjort.		
---	--	--